



Kveita veks seint og vandrar langt

Gjenfangstforsøk viser at kveita stort sett held seg i nærområdet sitt. Ei og anna kveite gjev seg ut på langtur. Det kan tenkjast at kveita gjennomfører slike næringsvandringer før ho vender tilbake til sin "barndoms fjord" for å gyta.

AV MARIE HAUGE OG KATHRINE MICHALSEN

Kveitebestanden er låg i Sør-Noreg. Før vi veit kva tiltak som kan halda bestanden på eit berekraftig nivå, treng vi detaljert kunnskap om kveita si utbreiing, vekst, alder ved modning m.m.

SENJA-KVEITA VANDRAR LANGT

Kveiteforskinga er no samla i eitt prosjekt som omfattar merkeforsøk, fangststatistikk (fangst per eining innsats), alderslesing og mageprøvar. Totalt er det merkt vel 1500 kveiter sidan 2004 (dei siste åra har yrkes- og hobbyfiskarar stått for mesteparten av merkinga). Ca. 15 prosent (225 stk.) av kveitene er gjenganga. Dei aller fleste kveitene er fanga i nærliken av staden der dei først vart sett ut, men nokre individ har lagt ut på lange vandringer. Spesielt kveite frå området rundt Senja har tatt lange turar sørover (men også nordover). Sidan det er brukt konvensjonelle plastmerke veit vi ikkje om kveitene som blir fanga på same lokalitet som dei vart merkte, faktisk har halde seg i området heile tida eller om dei har vandra ut og så kome tilbake igjen.

LEITAR ETTER GENETISK SKILNAD

Om det er slik at gytemoden kveite legg ut på næringsvandring i ein periode av livet, men returnerer til sin "barndoms fjord" for å gyta, burde det vera genetiske forskjellar mellom kveite frå ulike fjordar. Havforskingsinstituttet har derfor byrja å samla inn genetisk materiale frå gytemoden kveite frå ulike område i Noreg.

KVA ØYRESTEINEN FORTEL

Årringane i øyresteinane til kveita ligg svært tett når fisken er gammal; dermed er det vanskelig å bestemma eksakt alder på gamle individ. Ein ny mastergradstudie viser at kveita truleg er eldre ved gitt lengde/vekt enn før antatt og at veksten truleg varierer mellom ulike delar av landet. Tidlegare studiar har også vist at alder ved modning (første gang kveita gyter) har endra seg over tid. Dette betyr at ein må vera forsiktig når ein snakkar om alder ved lengde/vekt og at det trengs meir materiale for å undersøkja desse variasjonane grundigare.

Funne ei merkt kveite?



Dette gjer du: Send info om gjenfangstposisjon, lengde, vekt og kjønn til Havforskingsinstituttet (sjå kontaktpersonar neste side).

Øyresteinar:

Vi er også svært interesserte i øyresteinar (otolittar) av alle store kveiter eller finnekliipp (Sør-Noreg).





Den mystiske kveita

Kveita er kjent sidan steinalderen og ein av dei mest myteomspunne fiskane i våre farvatn. I dag har kveita høg status både som matfisk og som trofé for sports- og fritidsfiskarar.

Bestanden av kveite har dei siste åra vore lav i heile Nordaust-Atlanteren. Det gjeld også langs kysten av Sør-Noreg, medan bestanden nord for 62°N har auka. Til tross for den formidable auken i nord, er bestanden framleis langt lågare enn i toppåra på midten av 1930-talet.

BETRE LEVEKÅR I NORD

Det kan vera fleire grunnar til at kveitefangstane er større i nord enn i sør. I nord vert det fiska meir etter kveite. I tillegg nyter kveita i nord truleg godt av at fisket i større grad er regulert, med påbod om sorteringsrist i reketrålen og forbod mot å tråla i enkelte fjordar.

SÅRBAR FOR HARDT FISKE

Det er spesielt tre forhold som gjer kveita sårbart for hardt fiske: Kveita er stadbunden og gyt ofte innanfor eit svært avgrensa område. Når kveitene samlar seg i såkalla gytegrøper er dei eit lett bytte for fiskarar. I tillegg veks kveita langsamt og vert seint kjønnsmoden: Hoene når dei er 8–10 år gamle, medan hannane tidlegast er kjønnsmodne i 7-årsalderen.

Kveitefisket er regulert med minstemål, som auka frå 60 til 80 cm i 2010, og med maskeviddeavgrensingar. Det er dessutan forbode å fiska etter kveite med garn, trål og snurrevad i gyteperioden (20. desember–31. mars). Dette gjeld ikkje for krokreiskapar nord for 62°N.



Kveita

- Største beinfisken i norske farvatn. Kan bli opp mot 330 kg.
- Har få naturlege fiendar og kan bli inntil 60 år gammal.
- Lever på grunt vatt på kysten i dei første leveåra.
- Vaksen kveita er ein utprega djuphavsfisk som jaktar på alle djup og heilt opp i overflata.
- Hoene kan gytta opptil 7 millionar egg.

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

Nordnesgaten 50
Postboks 1870 Nordnes
NO-5817 Bergen
Tlf.: 55 23 85 00
Faks: 55 23 85 31

www.imr.no

AVDELING TROMSØ

Sykehusveien 23
Postboks 6404
NO-9294 Tromsø
Tlf.: 55 23 85 00

FORSKNINGSTASJONEN FLØDEVIGEN
Nye Flødevigveien 20
NO-4817 His
Tlf.: 55 23 85 00

FORSKNINGSTASJONEN AUSTEVOLL
NO-5392 Storebø
Tlf.: 55 23 85 00

FORSKNINGSTASJONEN MÅTRE
NO-5984 Matredal
Tlf.: 55 23 85 00

FISKERIFAGLEG SENTER FOR UTVIKLINGSSAMARBEID
Tlf.: 55 23 86 90
Faks: 55 23 85 31

AVDELING FOR SAMFUNNSKONTAKT OG KOMMUNIKASJON
Tlf.: 55 23 85 38
Faks: 55 23 85 55
E-post: informasjonen@imr.no

KONTAKTPERSON

Kathrine Michalsen
Faggruppe: Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid
Tlf.: 55 23 86 84
E-post: kathrine.michalsen@imr.no

